

FLORØ SK HANDBALL

Billettsal på handballkamper sesongen 2022/2023

- 1) Det skal seljast inngangsbilletter på alle serie og turneringskamper for lag frå 16 år og oppover som vert arrangert av Florø SK Handball.
- 2) Alle lag som har arrangøransvar pliktar å stille folk som har ansvar for billettsalet der dette skal gjennomførast.
- 3) Ansvarlege arrangørgruppe pliktar i god tid før første kamp å sjekke at her er nok inngangsbilletter (det er kvite loddblokk som skal brukast) tilgjengelege for heile helga, og gjennomføre nødvendig opplæring av billettørar på Vipps/iZettle. Same billettør skal også ha ansvaret for billettkontroll ved inngangsdøra når folk går og kjem. I dei tilfella det er venta mykje publikum bør den ansvarlege gruppa stille med to billettørar i siste halvtimen før kamp.
- 4) Ved mindre arrangement der det er venta lite folk kan eventuelt opprigga kiosk bak tribuna og billettsal kombinerast. Ved veldig lite fram møte skippar vi billettsal. I tvilstilfelle kan ein gå rundt og selje billetter etter at folk har komme.
- 5) Det skal krevjast billett av alle frå 19 år og oppover som besøker kampen. Altså gratis for barn og skuleungdom. Prisen er 60 kroner på alle kamper der Florø SK Handball er arrangør. Unntak kan vere kamper der Norges handballforbund set prisen.
- 6) Dei som har oppgåver for arrangør som kiosk, sekretariatshjelp og liknande, slepp gratis inn. Det same gjer også lagleiar og trenar til gjestande lag, og andre trenarar/styret i Florø SK Handball si handballgruppe.
- 7) Ein billett gjeld for alle kamper den dagen. Billettør bør informere om at dei som vil sjå fleire kamper, må ta vare på billettane ved kjøp. Her bør også hengast opp info i inngangspartiet til hallen. Stempel på handa bør vurderast for å unngå eventuelle mistydingar om at vedkomande har kjøpt billett tidlegare på dagen. Uansett unngår vi kranglar om betaling og tek slike utfordringar med eit smil.
- 8) Der skal vere ein annan farge/eventuelt form på inngangsbillettane enn dei som vert nytta til andre føremål; som til dømes loddosal. 9) Ved kvart vaktskifte for billettørane skal salet av billetter registrerast på eige skjema, og startnummeret på billetter som kjem etter noterast. Dagens billettsal skal skrivast etter kvar arrangementsdag og signerast av ansvarleg foreldrekontakt.

Venleg
Sportsleg utval

